



Kriminalomsorgens høgskole
og utdanningssenter KRUS

Omgrepet «Meiningsfull menneskeleg kontakt»

KRUS3900 Bacheloroppgåve

Kandidatnummer: 390026

Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter KRUS
Bachelor i straffegjennomføring 2021

Antall ord: 8369

Innhald

| | |
|---|----|
| Innleiing | 2 |
| Tema og problemstilling..... | 2 |
| Avgrensing..... | 3 |
| Fagleg relevans | 3 |
| Strukturen i oppgåva..... | 6 |
| Metode..... | 7 |
| Litteratursøk og kjeldekritikk | 7 |
| «Meiningsfull menneskeleg kontakt» | 10 |
| Internasjonalt og nasjonalt regelverk..... | 10 |
| Omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» | 11 |
| «Meiningsfull menneskeleg kontakt» i kriminalomsorga? | 17 |
| Avslutning | 24 |
| Litteraturliste | 25 |

Innleiing

«Eg forstår det ikkje. Eg forstår det berre ikkje!» Petter var nettopp kome ut på den opne avdelinga og hadde fått løyve til å reise på permisjon for å feire julaftan saman med familien. Han kunne ikkje skjøne kvifor nokre av dei andre innsette valde å vere ved avdelinga i jula i staden for å reise heim. Petter hadde ikkje kjent på dei same kjenslene som mange av dei andre innsette kjente på – å ikkje passe inn, at framande les «innsett» i panna di, at ein ikkje tåler så mykje støy og så mange rundt seg, at det var tryggast på cella i fengslet. Formiddagen julaftan kom Petter blid og fornøyd i vakta for å hente permisjonssetelen sin og sa kjekt «Ha det! Du ser meg ikkje igjen før i morgen kveld!».

Fyrste juledag kom eg på tidlegvakt og kunne lese i journalen at Petter hadde returnert frå permisjon om kvelden, eit døgn før han skulle. Eg gjekk innom Petter for å høyre kva som hadde skjedd. Han kunne fortelje at han hadde fått panikk då han kom heim til foreldra og resten av familien. Han hadde blitt uroleg, ufokusert, sveitta og kjent på ein snikande angst. Livredd hadde han fått faren til å køyre seg tilbake til fengselet og den trygge hamna han opplevde at han hadde der på cella si.

Tema og problemstilling

Denne historia kom eg til å tenke på då eg våren 2021 tok studie-emnet KRUS3205 Isolasjon ved Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter. Gjennom studiet fekk eg kjennskap til både kva isolasjon er og ulike skadeverknader som kan kome av isolasjon. Det var kunnskapen om desse skadeverknadane som fekk meg til å tenkje på Petter og historia 15 år tilbake i tid. Petter si oppleving av panikk, å vere uroleg, ufokusert, sveitte og ein snikande angst stemmer godt overeins med dei symptomata på isolasjon som eg fekk kjennskap til. Petter hadde i starten av straffegjennomføringa si vore innsett i fire månader på ei avdeling med høgt sikkerheitsnivå før han blei overført til open avdeling. Hadde Petter, sjølv om han ikkje hadde vore utestengt frå fellesskapen med dei andre innsette, vore isolert?

Pensumet i studiet viste til omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» som står sentralt i FN sin definisjon av isolasjon. Dette omgrepet skil seg frå ord og uttrykk kriminalomsorga brukar for å skildre isolasjon, som i hovudsak er fellesskap. Det kan ved fyrste tanken virke som at det eine omgrepet refererer til at det er kvaliteten i kontakten mellom menneske som må til for å motverke isolasjon, mens det andre omgrepet referer meir til ei praktisk organiseringa av kvardagen. Dette vekka interessa mi for omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» og derfor ynskjer eg med denne oppgåva å finne ut kva som ligg i

omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt», og korleis kriminalomsorga jobbar for å sikre at innsette har dette.

Avgrensing

I oppgåva vil eg konsentrere meg om å undersøkje meiningsinnhaldet i omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt». Kjært born har mange namn, også i dette tilfellet. De ulike teoritilnærmingane refererer både til meiningsfull menneskeleg kontakt, meiningsfull sosial kontakt og sosial meiningsfull kontakt. Utgangspunktet for oppgåva er at desse tre nemningane har same tyding. Eg vil i det vidare berre bruke omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt».

Slik eg hadde forstått isolasjon før studie-emnet om isolasjon handla det om å vere skilt frå andre – å ikkje delta i fellesskap med andre. Denne forståinga blir i hermeneutikken kalla for førforståing. (Gilje & Grimen, 2005, s. 148-150). Etter studiet hadde eg fått ei meirforståing om at det ikkje er fellesskap med andre som i seg sjølv bryt isolasjonen, men meiningsfull menneskeleg kontakt med andre i minimum 2 timer dagleg. Denne meirforståinga eg fekk etter studiet gjorde at eg blei nysgjerrig på kva meir ligg i omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» enn i omgrepet fellesskap? Og kor finn me omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» igjen i kriminalomsorga?

Eg trur at ein av grunnane til denne nysgjerrigheita er at eg i tillegg til å ha bakgrunn som fengselsbetjent også har utdanning innan pedagogikk og spesialpedagogikk. Denne fagbakgrunnen gjer at eg er særleg opptatt av utvikling og inkludering for personer med særskilte behov. Me veit ut frå studiar av levekår og psykiske lidingar blant innsette at dei har ein betydeleg høgare førekommst av fysiske, psykiske og sosiale utfordringar enn resten av folkesetnaden i Noreg (Revold, 2015; Friestad & Hansen, 2004; Cramer, 2014). Korleis kan me inkludere innsette som er isolert inn i fellesskapen? Kva skal til for at ei slik inkludering bryt isolasjonen når me veit at det ikkje er nærværet i seg sjølv som bryt isolasjonen?

Fagleg relevans

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) ser på isolasjon som ei krenking av forbodet mot tortur og umenneskeleg og nedverdigande handsaming etter Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 3 (EMK, 1950). Domstolen er opptatt av at bruk av isolasjon skal vere godt grunngjeven i vedtak i tillegg til at det er presise lovheimlar, god sakshandsaming, tilsyn av kriminalomsorga og effektiv etterprøving av vedtaka.

Noreg har fått sterkt kritikk for omfanget av isolasjon som innsette blir påført medan dei er i fengsel. Kritikken kjem frå blant anna Europarådets torturovervåkningskomité (CPT) og FNs torturkomité (CAT). I Noreg har Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) og Sivilombodet retta kritikk mot kriminalomsorga sin bruk av isolasjon. Sivilombodet leverte i juni 2019 ei særskilt melding til Stortinget om isolasjon og mangel på menneskeleg kontakt for innsette i norske fengsel. Særskilt melding er det sterkeste verkemiddelet Sivilombodet har overfor forvaltninga. Dei konkluderer i meldinga med at kriminalomsorga korkje overheld norsk lov eller den internasjonale norma for menneskerettar, og at innsette vert påført skadar i fengsel (Sivilombodsmannen, 2019). Sivilombodet peikar i sin rapport på fleire tilhøve når det gjeld isolasjon i kriminalomsorga:

- Sikre pålitelige og offentlig tilgjengelige data over omfanget av isolasjon i norske fengsler.
- Etablere en nasjonal standard som sikrer at innsatte hver dag har mulighet til å tilbringe minst åtte timer i sosialt fellesskap med meningsfulle aktiviteter.
- Endre straffegjennomføringslovens bestemmelser, slik at disse sikrer at:
 - o isolasjon kun skal benyttes i ekstraordinære tilfeller og for så kort tid som mulig
 - o alle som blir isolert, får oppfølging i samsvar med menneskerettslige standarder
 - o isolasjon i 22 timer eller mer i døgnet forbys i de tilfeller som angis i Mandelareglene
- Fremme forslag om en plikt i lov eller forskrift til å forebygge bruk av isolasjon i fengslene.
- Sørge for at det etableres felles faglige retningslinjer for å sikre forsvarlig oppfølging av isolerte innsatte.

(Sivilombodsmannen, 2019, s. 90)

For å imøtegå kritikken har kriminalomsorga etablert ein handlingsplan med ei rekke tiltak for å redusere bruk av isolasjon (KDI, 2019). I tillegg leverte Oslo Economics på slutten av 2020 ein rapporten på oppdrag frå KDI om korleis kriminalomsorga kan etablera ei dagleg standardisert tid utanfor cella på 8 timer, samt sikre 2 timer dagleg meiningsfull menneskeleg kontakt for alle innsette. I rapporten tek dei utgangspunkt i at tiltaka dei foreslår i liten grad skal påverke dei andre resultatmåla til kriminalomsorga (Oslo Economics, 2020, s. 42). Dei

meiner at det viktigaste er å sjå på tilhøva i eineromsavdelingane og kan ikkje sjå at det er mogleg å få til auka fellesskap utan at bemanninga aukar. I andre avdelingar vil fellesskap i andre areal, endring av regelverk, fleksibel oppgåveløysing og endra arbeidstid vere med på å auke fellesskapet (Oslo Economics, 2020, s. 42-43).

Samstundes som kriminalomsorga arbeider med å redusera bruken av isolasjon og sikre god registrering, lanserte Skandinavisk isolasjonsnettverk ein brosjyreserie om temaet isolasjon. Denne er retta mot innsette, tilsette, pårørande og advokatar. Brosjyrane gjev informasjon og råd om korleis dei ulike kan handtere isolasjon og dei utfordringane som isolasjon kan medføre (Skandinavisk isolasjonsnettverk, 2019a; Skandinavisk isolasjonsnettverk, 2019b; Skandinavisk isolasjonsnettverk, 2019c; Skandinavisk isolasjonsnettverk, 2019d).

I tillegg til kritikken frå Sivilombodet er det kome avgjersler frå domstolen der varetektsinnsette er lauslatne i frå varetektsgrunna ulovleg, uheimla og/eller utilstrekkeleg grunngjeving av isolasjonen når vilkåra for varetektsfengsling elles er til stades. (Storvik & Johnsen, 2020, s. 7). I dommen frå Bergen tingrett (TBERG-2018-153795-2) er det konstatert brot på EMK artikkel 8 på grunn av ulovleg isolasjon. Dei dommane som er avsagt gjeld anten forlenga varetektsgrunn eller innsette som sit fengsla og får strafferabatt. Det er varsla eigne søksmål mot kriminalomsorga frå innsette som er lauslatne og ynskjer erstatning på bakgrunn av isolasjonen dei var utsett for under straffegjennomføringa si (BT, 2021).

Dette har allereie fått innverknad på dei tilsette sin kvardag. Kriminalomsorgsdirektoratet har sett i verk fleire tiltak for å imøtegå kritikken (KDI, 2019). Kriminalomsorga er politisk styrt og Lipsky (1980) har skildra tilsette i slike institusjonar som «bakkebyråkrater». I følgje Vabø (2014, s. 30) jobbar bakkebyråkratane i ei verd der dei blir stilt overfor vague og motstridande mål, med eit stort sprik mellom ressursane og dei politiske visjonane. Knappe ressursar gjer at dei i kvardagen tek kontinuerlege skjønnsmessige tilpassingar av mål og direktiv (Vabø, 2014, s. 30). For å halde kontroll med bakkebyråkratane oppmuntrar leiarane dei til å følgje prosedyrar som gjev dei mindre moglegheit til å gjere individuelle vurderingar og dermed undergrev det beste for klienten (Vabø, 2014, s. 31). Ein annan fare for bakkebyråkratane er at den politiske leiinga pressar på for å få ei effektivisering. Dersom det ikkje føreligg dokumentasjon på at kostnadskutt minkar kvaliteten på tenesta, kan det gjere at personalressursen blir kutta utan at krava blir redusert tilsvarande. Lipsky kjem ikkje med forslag til korleis desse dilemmaa kunne løysast anna enn at han meiner at klientane skal ha større påverknad på tenestene (Vabø, 2014, s. 31). Mange tilsette i kriminalomsorga kjenner

seg særleg igjen i punktet som handlar om kostnadskutt. I avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma (ABE-reforma) som blei innført ved budsjettåret 2015 har statlege etatar og verksemder fått eit årleg budsjettkutt på mellom 0,5 til 0,8 prosent. Mange bakkebyråkrater opplever desse kutta ved at dei har fått ein travlare kvardag der ein er meir avhengig av faste prosedyrar og rutinar for å sikre arbeidet som ska gjerast.

Strukturen i oppgåva

Oppgåva inneholder fem kapittel; Innleiing, metode, teori, drøfting og avslutning. I kapittel ein har eg gjort greie for val av tema, problemstilling og førforståinga som eg har med meg inn i denne oppgåva. Kapittel to omtaler metoden eg har vald for oppgåva, som er eit litteraturstudie, og korleis eg har gått fram i litteratursøkinga. Teorien for oppgåva blir presentert i kapittel tre, og her blir ulike omgrep definert og funn presentert. I drøftingsdelen i kapittel fire drøfter eg korleis kriminalomsorga jobbar for å sikre at innsette har meiningsfull menneskeleg kontakt. Kapittel fem er avslutninga på oppgåva. Her blir resultata av arbeidet med oppgåva presentert saman med mi meirforståing som er komen gjennom dette arbeidet.

Metode

«En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Vilhelm Aubert, referert i Dalland, 2020, s. 49). Ein metode fortel oss korleis me bør gå fram for å skaffe og teste kunnskap (Dalland, 2020, s. 49). Me vel metode ut frå kva metode me meiner er best til å klårgjera problemstillinga vår. Metodevalet står oftast mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Både kvalitativ og kvantitativ metode er med på å klårgjere det som skal undersøkast på ulike vis. Ved bruk av kvalitativ metode blir kvaliteten til eigenskapane og karaktertrekka til fenomena bringa fram, mens den kvantitative metoden talfester og måler (Dalland, 2020, s. 55).

For å klårgjere problemstilliga mi; *kva ligg i omgrepet meiningsfull menneskeleg kontakt og korleis kriminalomsorga jobbar for å sikre at innsette har dette*, meiner eg litteraturstudie er den beste metoden. I eit litteraturstudie er eksisterande fagkunnskap, forsking og teori som bygger på enten kvantitativ eller kvalitativ metode, eller begge delar, utgangspunktet for å svare på oppgåva (Dalland, 2020, s. 199). Det vil seie at eg ikkje vil gjere eiga forsking, det gav ikkje dette studiet anledning til. Men sjølv om det ikkje var rom for eiga forsking vil eg bruke eigne erfaringar slik som historia om Petter. Forskingsetikken handlar mykje om å ta vare på personvernet til dei som deltek i studiar (Dalland, 2020, s. 168). For å ta vare på Petter sitt personvern har eg ikkje oppgitt kvar eg møtte Petter og har heller ikkje brukt det eigentlege namnet til den innsette.

Vidare vil eg gjere greie for kva litteratur som er brukt til å svare på denne oppgåva og korleis denne blei funnet og vald.

Litteratursøk og kjeldekritikk

I arbeidet med å finne aktuell litteratur er det viktig å ha med seg at litteraturen på best mogleg måte skal klårgjera problemstillinga og det skal gjerast greie for kvifor akkurat denne litteraturen er vald (Dalland, 2020, s. 143).

Det er ulike strategiar for å søkje etter litteratur (Dalland, 2020, s. 151). Desse kan nyttast enten kvar for seg eller saman. Døme på strategiar er *gressing* som er utstrukturert søking på nett eller i bibliotek, *snøballmetoden* der litteraturlista til aktuelle bøker blir utgangspunktet for vidare søking, *siteringsindeksen* der ein søker etter kven som bruker sitat frå aktuelle forfattarar gjennom blant anna Google Scholar, og *(semi)strukturerte søk* som er søk som er planlagde og førebudde.

Når litteratursøket er gjennomført må kriteria som er nytta i utveljinga av litteratur gjerast greie for og litteraturen må vurderast ut frå relevans og gyldigheit (Dalland, 2020 s. 152). I denne vurderinga må ein ta stilling til om blant anna kjelda fortel noko om problemstillinga og kva det tyder, samstundes som kvaliteten på kjelda må vurderast (Dalland, 2020, s. 153). Aktuelle spørsmål i denne samanhengen kan vere: Kva slags tekst er det, kven har skrive den, kvifor skriv forfattaren om dette, kva er formålet med teksten og når er den skriven? I samband med val av litteratur har eg vurdert relevas og gyldigheit fortløpande.

Litteraturen eg har nytta i innleiinga og referert til allereie, er litteratur som eg har vore kjend med enten gjennom studiar eller gjennom arbeidet i kriminalomsorga. Fleire av desse referansane er henta frå kriminalomsorga sin nettstad. Dette gjeldt Oslo Economics sin *Økonomisk analyse av isolasjonsreducerende tiltak i kriminalomsorgen* og KDI sin *Tiltaksplan for forebygging av isolasjon i kriminalomsorgen*.

I studie-emnet KRUS3205 Isolasjon ved KRUS blei eg kjend med ein del litteratur som har vore naturleg å bruke. Dette då emnet er særskilt aktuelt for temaet i denne oppgåva og det er fleire av pensum-bidraga der som kaster lys over omgrepene «meiningsfull menneskeleg kontakt». Eit viktig bidrag til dette er Marte Rua, som er stipendiat ved Institutt for kriminologi og rettssosiologi ved UIO, sin skriftlege uttale i samband med Högsterett si sak nr 19-070085STR-HRET (Rua, 2019). I uttalen har ho samla ulike definisjonar av omgrepene «sosial menneskeleg kontakt». Denne uttalen vil vere grunnlaget for dei definisjonane av «meiningsfull menneskeleg kontakt» som eg nyttar i denne oppgåva.

Eg har nytta Google Scholar for i finne alternativ litteratur som kunne vere med og utdjupe definisjonane som Marte Rua har samla. Søkeorda var «meningsfull menneskelig kontakt», «meiningsfull menneskeleg kontakt», «sosial meiningsfull kontakt», «meningsfull sosial kontakt» og «meiningsfull sosial kontakt». Søket gav i hovudsak treff på bacheloroppgåver som vart levert ved KRUS våren 2020. Sidan Dalland (2020, s. 155) viser til at ein i arbeidet med bacheloroppgåva ikkje bør vise til andre bacheloroppgåver blei ikkje denne litteraturen brukta. Andre søkeresultat var artiklar i tidsskrifter og boka «Isolasjon» der mellom anna Rua er redaktør. Eg valde å berre halde meg til Marte Rua sin uttale til Högsterett då eg meiner den gjev ei oppsummering av det som kjem fram i artiklane og boka eg fekk opp i søkeresultata.

Også vidare i oppgåva har eg nytta litteratur og forfattarar som eg er kjent med frå tidlegare studiar. Dette gjeld særskilt tema som velvære, empati, sosial samhandling og aktivitet.

Gjennom pensum-litteraturen til dette emnet, KRUS3390, blei eg kjend med den brasilianske pedagogen Paulo Freire og hans litteratur om dialog (Dalland, 2013, s. 30). Tittelen på boka det blei vist til er «De undertryktes pedagogikk». Tittelen fanga merksemda mi, då ein lett kan overføre denne til innsette, og kanskje i aller høgste grad isolerte innsette. Sjølv om det originale manuskriptet til boka er frå 1968, har eg vald å bruke denne litteraturen sidan Freire blir referert til i nyare litteratur og han er opphavet til denne pedagogiske praksisen.

For å knytte temaet opp mot praksis ynskjer eg å bruke litteratur som skildrar fengselsbetjenten sin arbeidskvardag og innsette sine opplevingar av livet i fengsel, i tillegg til eigne erfaringar. For å finne eigna litteratur som skildrar fengselsbetjenten sin arbeidskvardag gjekk eg gjennom pensum-lista til studiet Høgskolekandidat i straffegjennomføring, Fengselsbetjentutdanningen, ved Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter, KRUS. Der fann eg fram til to bøker som eg tidlegare ikkje var kjend med, men som eg meiner er skildrar forventningane som er til fengselsbetjenten samt utfordringar som møter fengselsbetjenten i arbeidet. Desse to bøkene er «Jeg skal bli fengselsbetjent» med Snertingdal og Nymo (2021) som redaktørar og boka «Kunnskapsbasert straffegjennomføring i kriminalomsorgen i Norge» som Westrheim og Eide er redaktørar for (2019). For å skildre innsette si oppleving av livet i fengsel fekk eg tips frå rettleiar om boka «Prisons and their moral performance, a study of values, Quality and prison life» skriven av Allison Liebling som er assistert av Helen Arnold (2004).

«Meiningsfull menneskeleg kontakt»

Isolasjon blei innført saman med det moderne fengselsvesenet i 1820-åra (Rua, Smith, Horn & Nilsen, 2019, s. 43). Tanken var å bruke isolasjon som eit middel for å skape moralsk forbetring hjå innsette. Dei skulle sitte einsame på cella si og bruke tida til samtaler med Gud. Isolasjon har i seinare tid blitt brukt som blant anna pressmiddel i avhørysituasjonar, under varetektsfor å hindre at bevis blir øydelagde, som disciplinærstraff, for å oppretthalde ro orden og sikkerheit og av praktiske omsyn ved akutt mangel på bemanning eller skader på bygg (Rua et al, 2019, s. 44-69).

Å bli fengsla kan i seg sjølv opplevast som å bli isolert, men omgrepet isolasjon blir definert som mindre enn 2 timer meiningsfull fellesskap med andre. (Sivilombudsmannen, 2019, s. 22). Dei som er isolerte kan få både psykologiske og somatiske skadeverknader (Smith & Koch, 2019, s.134-135). Døme på psykologiske skadeverknader kan vere konsentrasjonsvanskar, emosjonelt kaos, hallusinasjonar, angst, depresjonar, sløvskap og passivitet, sjølvmordstankar, aggressiv åtferd, grensepsykotiske symptom og sjølvskadning. Dei somatiske skadeverknadane kan gje seg utslag i hovudverk, mage-tarm-problem, auka hjertefrekvens, vere var for lys, forstyrra døgnrytmene og uroleg søvn som kan gje vanskar med å skilje draum og våken tilstand

Internasjonalt og nasjonalt regelverk

I samband med Istanbul-erklæringa frå 2007 kom isolasjon for alvor på dagsordenen og definisjonen som blei laga der blei forankra i FN-systemet (Rua & Smith, 2019, s. 20).

Isolasjon blei her definert som:

- Er 22-24 timer aleine på cella
- Meiningsfull sosial kontakt er redusert til eit minimum

I 2015 reviderte FN minstestandarden for handsaming av innsette. Denne minstestandarden blitt omtala som Mandela-reglene og har ein status som svarar til De europeiske fengselsreglene (Rua & Smith, 2019, s. 20). Mandela-reglane definerer isolasjon som:

- Innlåst 22 timer eller meir i døgnet
- Utan meiningsfull sosial kontakt

Etter nasjonalt regelverk skal innsette som hovudregel ha fellesskap med andre innsette (Høidal, 2019, s. 255). Dette skal skje under arbeid, undervisning, deltaking i program, i

fritida mm. jamfør straffegjennomføringslova § 17. Straffegjennomføringslova § 17 seier at fellesskap skal skje dagleg, saman med andre innsette, men gjev ikkje noko nedre grense for omfang. Unntak frå retten til fellesskap krev heimel i lov, rettsleg avgjersle eller eige ynske (Rua, Smith, Horn & Nilsen, 2019, s. 41- 80).

I tillegg seier straffegjennomføringslova § 2 at: *Straffen skal gjennomføres på en måte som tar hensyn til formålet med straffen, som motvirker nye straffbare handlinger, som er betryggende for samfunnet og som innenfor disse rammene sikrer de innsatte tilfredsstillende forhold* (Straffegjennomføringslova, 2001, mi understrekning).

I dei siste 10-15 åra har det vore ei veldig utvikling på det menneskerettslege området i samband med isolasjon i fengsel (Rua & Smith, 2019, s. 30). Denne utviklinga har i hovudsak skjedd i form av menneskerettslege anbefalingar og dei seinare åra har Den europeiske menneskerettsdomstolen i aukande grad stadfesta at isolasjon er helseskadeleg (Rua & Smith, 2019, s. 31). I det siste er dommarar som omhandlar isolasjon avsagt i domstolane i Noreg. Dette kan tyde på at Straffegjennomføringslova frå 2001 ikkje har fylgd den internasjonaleutviklinga på det menneskerettslege området.

Straffegjennomføringslova og Mandela-reglane skil seg frå kvarandre på fleire punkt. Medan Mandela-reglane har definert ei nedre grense for talet på timer med fellesskap som skal til for bryte isolasjon, har ikkje Straffegjennomføringslova noko nedre grense for omfang.

Straffegjennomføringslova seier heller ikkje noko om kva fellesskapen skal innehalde slik som Mandela-reglane gjer. Mandela-reglane seier det skal vere ein meiningsfull menneskeleg kontakt, men det er ikkje eit krav om at denne kontakten skal skje med medinnsette slik som Straffegjennomføringslova krev om fellesskapen. Men kva viser Mandale-reglane eigentleg til når dei brukar omgrepet meiningsfull menneskeleg kontakt?

Omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt»

«*The Essex Expert Group*»

For å få ei forståing av definisjonen av isolasjon som FN og Europarådet brukar, laga ekspertgruppa «The Essex Expert Group» ei skildring av omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» (Rua, 2019). Dei kom fram til at meiningsfull menneskeleg kontakt må gje dei stimuli som er nødvendige for mennesket si velvære. Dette inneber empatisk utveksling og vedvarande, sosial samhandling. Kontakten må vere direkte, kontinuerleg og inneha ein ekte dialog. Det vil seie at kontakten som er i samband med utdeling av mat, post eller medisin ikkje kan reknast som meiningsfull menneskeleg kontakt. Det same gjeld roping

mellan celler. Den meiningsfulle menneskelege kontakten kan bli gitt av innsette, tilsette og andre.

For å få ei forståing av kva «The Essex Expert Group» meiner ynskjer eg å sjå litt nærmere på kva fire av orda i skildringa tyder:

Velvære karakteriserer integrasjonen av fysiske, mentale, kjenslemessigemessige, åndelege og sosiale kvaliteter (Lindahl-Jacobsen & Jessen-Winge, 2017, s. 61-62). Det fins ikkje nokon eintydig definisjon av velvære utan ei semje om at det inneber positive kjensler, velnøye med livet og god funksjonsevne. Det vil seie at det er den enkelte si individuelle oppleving som skal leggas til grunn.

Empati – samkjensle - tyder innleving i andre gjennom å prøve å tyde den andre sine kjensler (Kinge, 2014, s. 42). I tillegg handlar det om handlingane våre og korleis me kommuniserer. Målet med empatisk kommunikasjon er å hjelpe andre til å få ein djupare forståing av seg sjølv og kjenslene sine. Å vise empati kan vere krevjande og avheng av korleis ein sjølv har det (Kinge, 2014, s. 44). For å kunne gje den andre full merksemd må ein sjølv vere roleg og i trygg balanse. Når ein sjølv er det er ein klar til å vise interesse og engasjement for den andre sine kjensler og opplevingar. Dersom ein sjølv er utrygg vil ein ikkje ha moglegheit for innleving i andre, då har ein nok med å redde seg sjølv.

Sosial samhandling er eit samspel mellom fleire. For at noko skal kunna kallast samspel krev det at aktørane oppfattar seg sjølv som faktiske deltarar. Deltakarane treng ikkje vere jambyrdig, men det krev ei deltaking i samspelet (Noack & Tjora, 2018). Samhandling, eller interaksjon, er i sosiologien blant anna kjent som speilingsteori. Den tek utgangspunkt i at korleis me handlar når me er saman med andre blir skapt ved at me tilpassar handlingane våre til kvarandre gjennom tolkingsprosessar (Blumer, 1962). På denne måten er våre tidlegare erfaringar med på å lage eit bilet av kva verdiar, normer og haldningar som gjeld i ulike situasjonar og dermed korleis me handlar i den aktuelle situasjonen (Goffman, 1967).

Dialog er ord i følgje Paulo Freire (Freire, Lie & Nordland, 1999, s. 71). Alle ord har to dimensjonar; refleksjon og handling. Dialog kan ikkje eksistere mellom personar som nektar andre å uttale seg og personar som blir nekta retten til å uttale seg, fordi dialog er møtet mellom menneske (Freire et al, 1999, s. 72). Den er eit eksistensielt naudsyn ved at menneske gjennom dialog endrar verda og gjev menneske verdi som menneske. Dialogen er eit møtepunkt for refleksjon og handling hos dei som deltek i dialogen der målet er å endra verda. For at dette skal skje må deltarane få likt høve til å delta i dialogen, det må ikkje vere nokon

som brukar dialogen til å herske over andre (Freire et al, 1999, s. 73). For å ha dialog må det vere kjærleik (Freire et al, 1999, s. 74). Kjærleik er mot, og difor eit engasjement overfor andre. Dialog er engasjement overfor andre og krev difor kjærleik og audmjukskap. Å tru på menneske er naudsynt for å etablere dialog, utan det blir dialogen ein farse der det er vanskeleg å unngå manipulering av den andre (Freire et al, 1999, s. 75). Dialog er grunnleggande i «De undertryktes pedagogikk» av Freire. Gjennom dialog ynskjer han å sikre at alle er likeverdige deltakarar i fellesskapen. På denne måten kan deltakarane bli subjekt i eige liv.

Freire viser til dialog som ord. Det er lett å tenkje at ord er munnleg, men kan det vere noko anna? Kan ord uttrykkast gjennom ansiktsuttrykk og kroppsspråk? Slik eg forstår Freire er ord eit bilet på den utvekslinga av munnlege, skriftlege, visuelle og aktive teikn mellom menneske. Det er sjølve deltakinga i samspelet og responsen på kvarandre som er det vesentlege for Freire, denne skal vere likeverdig. Alle partar skal kunne påverke like mykje.

Craig Haney

Andre som har definert meiningsfull menneskeleg kontakt er psykolog og isolasjonseksperten Craig Haney. Han hevdar at «normal, direkte og menneskelig» kontakt i det minste må bety at kontakten ikkje er formidla eller uroa av ting som stengsler, sikkerheitsglas eller skjermar. I tillegg må det bli gitt tilbod om målretta aktivitetar av felles interesse, ekte sosial samhandling og engasjement med andre (Rua, 2019).

I definisjonen som Haney har gitt av meiningsfull menneskeleg kontakt er det orda aktivitet og sosial samhandling som fangar interessa mi. Sidan sosial samhandling er utdjupa tidlegare ynskjer eg å undersøke ordet aktivitet litt nærare. Kva tyder eigentleg ordet aktivitet?

Aktivitet blir i aktivitetsvitenskapen definert som ein person sin utføring av ei aktivitetsform. Det er interaksjon med eit spesifikt fysisk og sosiokulturelt miljø der både personen og miljøet gjev mening til aktiviteten (Jonsson & Asaba, 2017, s. 21). «Aktivitetsform» er den objektiv nemninga som kulturen og/eller samfunnet gjev aktiviteten. Døme på dette kan vere fotball, fisking, matlagning. Aktivitetsvitenskapen meiner at aktivitetar kan delast inn i ulike kategoriar etter kva formål aktiviteten har. Aktivitetar kan ha ulike føremål ut frå personen og miljøet den blir utført i. Blant anna kan aktiviteten ha til føremål for den enkelte om å hører til ein stad, gje velvære, gje mening, få tida til å gå, vere sosial, vere fysisk, den kan vere regelmessig eller uregelmessig, og den kan vere engasjerande eller avslappende (Jonsson & Asaba, 2017, s. 55-56). I aktivitetsvitenskapen har aktivitetsbalanse ein viktig plass.

Aktivitetsbalanse er den einskilde si oppleving av å ha rett mengde av og rett variasjon i aktivitetane sine (Håkansson, Morville & Wagman, 2017, s. 116). Det handlar i hovudsak om å prioritera aktivitetar ut frå eigne ressursar, ynsker, tid, evner, energi, og kva den einskilde opplever som meiningsfullt (Håkansson et al, 2017, s.119). For å ivareta den einskilde sitt aktivitetsbehov og sikre god aktivitetsbalanse, må samværet med andre bli oppfatta som meiningsfullt.

Hans Jørgen Engbo

Jurist og tidlegare fengselsleiar i den danske Kriminalforsorgen, Hans Jørgen Engbo, argumenterer for at myndighetene ikkje kan bestemme kva den einskilde skal oppfatta som sosial meiningsfull kontakt. Det må vere opp til den innsette sjølv å få definere dette (Rua, 2019). Utgangspunktet for dette er Engbo sin diskusjon av isolasjon opp mot normalitetsprinsippet (Engbo, 2019). Normalitetsprinsippet er eit sentralt omgrep i blant anna kriminalomsorga i Noreg og går ut på at innsette sine livsrammer og borgarlege rettar skal skilje seg minst mogleg frå dei normale livsrammene og rettane som gjeld for menneska i det frie samfunnet. Spørsmålet Engbo stiller er kva kontaktformer vil det enkelte menneske finne i eit individuelt normalitetsperspektiv. Såleis er det den individuelle opplevinga av kva som er normalt i den sosial meiningsfull kontakten som står sentralt i Engbo sin argumentasjon.

Engbo sin definisjon av sosial meiningsfull kontakt inneheld ikkje ord som eg meiner treng ytterlegare utdjuping. Det som i hovudsak skil denne frå dei to føregåande er at denne tek spesifikt opp at opplevinga av sosial meiningsfull kontakt må vere subjektiv.

Sivilombodet

Til slutt vil eg å ta med definisjonen som Sivilombodet nyttar. Sivilombodet seier at for at kontakten skal bli sett på som meiningsfull, bør den vere *empatisk* og gå føre ansikt til ansikt. Kommunikasjonen bør ikkje ha ein kortvarig og tilfeldig karakter, eller skje i samband med at ein utfører andre oppgåver, slik som utdeling av mat eller medisinsk tilsyn (Sivilombudsmannen, 2019, s. 16).

I denne definisjonen er det berre ordet empatisk som eg meiner treng utdjuping. Dette er gjort i starten av dette avsnittet, under definisjonen til «The Essex Expert Group».

Dei ulike definisjonane sett opp mot kvarandre


Felles for dei 4 definisjonane er at dei seier noko om kvaliteten i kontakten mellom den innsette og andre i fengsla. Slik eg forstår definisjonane må kontakten mellom innsette og

andre vere tufta på respekt og likeverd for at den skal kunne vere meiningsfull. I tillegg må den innsette sjølv bestemme kva kontakten skal innebere for at den er meiningsfull for kvar einskild. Kontakten må ta utgangspunkt i den innsette sine individuelle behov og ynskjer, noko som seier at innsette skal ha medverknad når innhaldet i kontakten skal utformast.

Ut frå min faglege ståstad kjenner eg igjen mykje av dette innan spesialpedagogikken. Spesialpedagogikken si oppgåve er å ivareta likeverd, inkludering, deltaking og livskvalitet for alle (Tangen, 2012). Likeeins meiner eg at det også kan sjåast saman med humanismen som set menneske i fokus (Bøhn, 2020). Humanismen meiner at menneske er ein sjølvstendig aktør og har ein eigenverdi og verdighet som er ukrenkeleg. Den legg vekt på blant anna menneskerettar, demokrati og ytringsfridom. I samanheng med isolasjon blir særleg artikkel 3 i menneskerettane trekt fram. Den seier at «ingen må utsettast for tortur eller grusam, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff» (EMK, 1950). Dette er rett i kjernen til humanismen sitt syn på menneske som ukrenkeleg.

Ein av dei mest kjende teoretikarane innanfor den humanistiske psykologitradisjonen er Abraham Maslow. Maslow var opptatt av å forstå korleis det ligg eit kompleks av grunnleggande behov bak åferda me ser (Imsen, 1998, s. 233). Han presenterte i samband med dette eit behovshierarki der han meiner nokre av behova er meir grunnleggande enn andre.

Maslow sin behovspyramide:



(Figuren er henta frå nettsida til Nasjonal digital læringsarena)

Maslow meiner at det mest grunnleggande behovet for menneska er å få dekka dei fysiologiske behov som blant anna svolt og sovn. Når dei fysiologiske behova er dekka søker menneska å dekke behovet for tryggheit før det sosiale, aksept og sjølvrealisering (Imsen, 1998, s. 235-241). Ser ein Maslow sin behovspyramide i samanheng med definisjonane av

omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» kan ein tenkje at meiningsfull menneskeleg kontakt dekker trygghetsbehovet og det sosiale behovet. Ut frå Maslow sin behovspyramide er innsette avhengig av å få dekka trygghetsbehovet før dei kan få dekka det sosiale behovet. Det kan tolkast som at tryggheit er grunnleggjande for å gje innsette meiningsfull menneskeleg kontakt. Likeeins er det vel nettopp gjennom fråvær av tryggheit at isolasjon blir til ei krenking av forbodet mot tortur og umenneskeleg og nedverdigande handsaming (EMK, 1950).

Den einskilde sitt behov for tryggheit samsvarar godt med det kriminalomsorga seier om seg sjølv: *Det norske straffegjennomføringssystemet er basert på humanistiske prinsipper og på individuell tilrettelegging for de domfelte og innsatte* (KDI, utan dato a). Det vil seie at kriminalomsorga ser på innsette som sjølvstendige aktørar som har ein eigenverdi og ei verdighet som er ukrenkeleg. Kvifor får kriminalomsorga då slik kritikk både frå internasjonale og nasjonale tilsynsorgan når den er tufta på menneskerettane?

«Meiningsfull menneskeleg kontakt» i kriminalomsorga?

For å møte kritikken mot omfanget av isolasjon, som også kan skildrast som mangel på meiningsfull menneskeleg kontakt, har kriminalomsorga sett i verk ulike tiltak (KDI, utan dato b). Eg har vald å sjå nærmere på nokre av tiltaka for å sjå korleis kriminalomsorga gjennom desse handlingane sikrar innsette meiningsfull menneskeleg kontakt og dermed hindrar isolasjon. Grunnen til at eg har vald desse tiltaka er at dette er dei tiltaka i tiltaksplanen som eg meiner er nærmest knytt til innsette. Dette er dei tiltaka som skjer direkte i kontakt med innsette og dermed har direkte påverknad på innsette si oppleving av meiningsfull menneskeleg kontakt. Vidare i oppgåva vil eg drøfte om kriminalomsorga sikrar innsette meiningsfull menneskeleg kontakt gjennom å sette i verk desse tiltaka.

Dei tiltaka eg ønsker å sjå nærmere på er:

1. Innføring av dagsorden som innebærer minst 2 timer fellesskap for samtlige innsatte på alle avdelinger i kriminalomsorgens enheter.
2. Krav om utarbeidelse av ukeplan for samtlige innsatte som er utelukket fra fellesskap. Ukeplan skal utarbeides «straks» og skal sikre at utelukkede innsatte tilbys minst 2 timer meningsfylt menneskelig kontakt hver dag.
3. Besluttet at prosjekt «Tilpasset arbeidsdag» videreføres.
4. Innføring av ordning hvor avviksmeldinger vedr. isolasjon skal registreres i kriminalomsorgens avvikssystem, KIKS.
5. Oslo Economics har på oppdrag fra Kriminalomsorgsdirektoratet utredet alternative kostnader ved å etablere en standardisert utlåsingstid på 8 timer, samt å sikre 2 timer daglig meiningsfull menneskelig kontakt for alle innsatte.
6. Gjennomfører dagsmålinger over innsattes tilgang til fellesskap 3 ganger i året.
7. Det skal opprettes syv nye aktivitetsteam i utvalgte fengsler med mye isolasjon, som vil jobbe målrettet mot sårbare og isolerte innsatte.
8. Fenglene skal rapportere på avvik og utlåsingstid for innsatte.
9. Isolasjon er blitt et eget emne ved Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter KRUS.

(KDI, utan dato b)

Når kriminalomsorga skal imøtegå kritikken frå Europarådets torturovervåkningskomité (CPT), FNs torturkomité (CAT), Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) og Sivilombodet om innsette sin manglende tilgang på meiningsfull menneskeleg kontakt, set

kriminalomsorga inn tiltak der omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» ikkje er brukt gjennomgåande i tiltaka. Kriminalomsorga bruker i staden omgrep som isolasjon, utlåsingstid og fellesskap. Dette er omgrep som har eit heilt anna meiningsinnhald enn omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt». Slik det kan tolkast snublar kriminalomsorga allereie før dei har sett i verk eit einaste tiltak. Ein av dei stadane «meiningsfull menneskeleg kontakt» er brukt er i punktet der Oslo Economics har fått oppdrag med å utreie kostnader med blant anna å sikre 2 timer dagleg «meiningsfull menneskeleg kontakt» for alle innsette. Rapporten frå Oslo Economics (2020) viser til eit behov for auka areal og auka bemanning for å kunne sikre innsette minimum 2 timer dagleg «meiningsfull menneskeleg kontakt». Rapporten skriv ikkje noko om kva tilbodet til innsette skal innehalde eller korleis det skal utformast for at det skal sikre at den menneskeleg kontakten er «meiningsfull». Dette saman med tiltaka om dagsorden, avviksmeldingar som gjeld isolasjon, dagsmålingar, rapportering av avvik og utlåsingstid syner, slik eg ser det, ei tilnærming frå kriminalomsorga til utfordringa rundt isolasjon som instrumentell. Det er større fokus på system for å registrere fellesskap, eller mangelen på dette, enn på kvaliteten i fellesskapet. Kriminalomsorga nemner ikkje noko i tiltaka sine om det Oslo Economics påpeikar om auka areal og bemanning utanom oppretting av aktivitetsteam i sju av einingane (KDI, utan dato b).

Kriminalomsorga sitt manglande fokus på kvaliteten i fellesskapet kan kanskje forklarast med utviklinga som har vore i internasjonale føringar og lover utan at dette er tatt inn i det nasjonale regelverket i Noreg. Når kriminalomsorga då får eit stort påtrykk både frå internasjonale og nasjonale tilsynsorgan om at innsette i Noreg er utsett for brot på forbodet mot tortur og anna grusam, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff (Sivilombudsmannen, 2019, s.1), er kanskje det å dokumentere det som allereie blir gjort i kriminalomsorga raskare å sette i verk, enn å endre kulturen ute i einingane. For dei tilsette bakkebyråkratane kan det opplevast som at arbeidsgjevar meiner det er viktigare å drive med dokumentasjon enn å arbeide kvalitativt med innsette. For mange er det nye målet i arbeidskvardagen blitt å dokumentere. Dette kan opplevast som motstridande til kriminalomsorga sitt uttalte mål om «individuell tilrettelegging for de domfelte og innsatte» (KDI, utan dato a). Nettopp fokuset på dokumentasjon og tida som går med til det kan bidra til at innsette får mindre tilbod om fellesskap og at verdien i kvaliteten i fellesskapet ikkje blir prioritert. Slik eg ser desse tiltaka er dette ein måte kriminalomsorga prøver få kontroll over bakkebyråkratane slik Lipsky (1980, jf. Vabø, 2014) skildrar det. Det er ikkje lengre like stort

rom for tilsette å gjere skjønnsmessige individuelle vurderingar og dermed kan det hende at det beste for den innsette forsvinn.

Det kan oppfattast som underleg at tiltakslista til kriminalomsorga inneheld så mange punkt. Kriminalomsorga hadde i grunnen ikkje trengt meir enn eit – kvaliteten i innsette sin kontakt med andre. Denne kvaliteten kan kriminalomsorga sikra ved å gå i dialog med innsette og la innsette sjølv få vere med å bestemme kva aktivitetar som er meiningsfulle for dei og kven denne aktiviteten må gjerast saman med for at den skal sikre innsette meiningsfull menneskeleg kontakt. Truleg kan bruken av vekeplaner vere eit tiltak for å prøve på dette, men slik eg er kjent med bruken av vekeplaner er desse retta mot at kriminalomsorga skal kunne dokumentere at innsette har fått tilbod om 2 timer utanfor cella dagleg. Det er ikkje gitt at tida utanfor cella verken stettar kravet til fellesskap etter straffegjennomføringslova § 17 som krev at det skal vere med andre innsette eller at tida utanfor cella gjev den innsette meiningsfull menneskeleg kontakt slik Mandela-reglane krev.

Oslo Economics slår fast at etablering av aktivitetsteam truleg er det mest målretta tiltaket for å auka fellesskapet i norske fengsel (2020, s. 5). Dei tilsette i eit aktivitetsteam er ikkje knytt til ei særskilt avdeling, dei skal jobbe med å aktivisere isolerte innsette uavhengig av kor dei er plassert i fengselet. Dette kan vere eit godt tiltak for dei innsette som opplever tilbodet som aktivitetsteamet gjev som meiningsfull menneskeleg kontakt. Aktivitetsteamet jobbar truleg meir etter Maslow sin behovspyramide enn kriminalomsorga elles. Oppdraget deira er å konkret motverke skadeverknadane av isolasjon for innsette som er isolert og på sikt få innsette ut av isolasjon. For mange innsette vil kanskje nivå to i Maslow sin pyramide vere det som er mest utfordrande å få dekka i fengsel, behovet for tryggheit. Sjølve situasjonen der nokon har makt over deg samstundes som du er heilt avhengig av dei uansett kva du ynskjer, kan for dei fleste opplevast som uthygg. Det kan også opplevast uthygg å vere saman med andre innsette. Ifølge Maslow vil menneska søke å dekke behovet for tryggheit før det er aktuelt å dekke det sosial behovet. Mangel på tryggheit kan vere gjeldande for både innsette som isolerer seg sjølv og innsette som agerer på ein slik måte at kriminalomsorga isolerer dei frå andre innsette. Maslow sitt behovshierarki samsvarer med det innsette sjølv meiner er viktig for dei når dei er i fengsel. Liebling sine undersøkingar blant innsette viser at innsette har behov for blant anna respekt, støtte, tillit, tryggheit, rettferd og velvære (Liebling, 2004). Liebling har sortert desse ønska i fire ulike dimensjonar som kan minne om dei ulike behova Maslow skisserer i pyramiden sin. Liebling sine fire dimensjonar er delt inn i korleis me er med kvarandre, korleis regimet er med oss, det sosiale og meining og kvalitet i livet. Både

behova Maslow skildrar og innsette sine ønsker samsvarer godt med innhaldet i omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt». Det er nettopp velvære, empati, sosial samhandling, dialog og aktivitet både Maslow og Liebling viser til slik eg tolkar dei. Det vil altså seie at innsette ynskjer akkurat det same som er forventa at kriminalomsorga skal tilby. For nokre innsette kan det einaste behovet dei treng er å kjenne tryggheit. Me veit at fleire innsette, som tidlegare nemnt, har betydeleg høgare førekommst av psykiske utfordringar enn resten av folkesetnaden i Noreg (Cramer, 2014). For desse innsette kan behovet for tryggheit vere det einaste som er realistisk å jobbe mot, behovet for sjølvrealisering er uoppnåeleg. Det er viktig å påpeike her at overgangen mellom dei ulike nivåa i Maslow sitt behovshierarki er dynamisk. Ein kan bevege seg både opp og ned i pyramiden og det vil sjølv sagt vere individuelt korleis dette førekjem. Når ein ser kva skadeverknadar mangel på meiningsfull menneskeleg kontakt kan gje kan ein spørje seg om Maslow har bomma då han sette mat og søvn som dei mest grunnleggjande behova for menneska.

Då Kriminalomsorgens sentrale forvaltning, som seinare blei erstatta av Kriminalomsorgsdirektoratet, fremma rapporten «Utdanning for fengselsbetjenter. Delinnstilling 2 fra en arbeidsgruppe oppnevnt av Justisdepartementet» i 2004, viste dei til at tilsette i kriminalomsorga må ha relasjonskompetane (KSF, 2004, s. 49).

Relasjonskompetanse blei her skildra som «evnen til å lytte og ta inn over seg hva andre sier, forholde seg til andre mennesker, motivere, oppnå troverdighet og ha evnen til å skape kontakt og tillit». Det kan virke som KSF den gangen såg hen til både Maslow sin behovspyramide og innsette sine behov då dei planla den nye utdanninga.

Eit anna tiltak kriminalomsorga har etablert for å ivareta innsette sine ulike behov er prosjektet «Tilpassa arbeidsdag». Prosjektet har som mål å auke aktiviseringa i kriminalomsorga (KDI, 2020, s. 28). Eit av tiltaka for dette i prosjektet er å gje innsette eit tilpassa aktivitetstilbod med utgangspunkt i dei særskilte behova til kvar enkelt innsett. I tillegg til å vere i tråd med Maslow, støttar dette opp under undersøkingar som visar at evner me treng i kvardagslivet som matlagning, påkledning og personleg hygiene svinn over tid for personar som er utan aktivitetsbalanse (Håkansson, Morville & Wagman, 2017, s. 121). Når me då veit at det er dokumentert at innsette i fengsel har liten tilgang til å få brukt ressursane sine på ein meiningsfull måte, blir det endå viktigare at innsette sjølv får vere med å påverke kva aktivitetar dei skal gjere slik at me tek vare på evnene som innsette treng i kvardagslivet. Dette er i tråd med § 2 i Straffegjennomføringslova som seie at kriminalomsorga skal gje innsette tilfredsstillande tilhøve. Resultatet for prosjektet er at dei fengsla som har delteke har

hatt ei positiv utvikling i talet på døgn med aktivisering av innsette. Kriminalomsorga hevdar at prosjektet gjev reduksjon av isolasjon, ved at det no blir gitt tilbod om aktivitet til innsette som tidlegare ville vore utan tilbod og dermed isolert. Prosjektet «Tilpassa arbeidsdag» har, slik eg ser det, tatt opp i seg nokre av tankane som ligg i omgrepene «meiningsfull menneskeleg kontakt» ved å ynskle å legge innsette sine behov til grunn for aktivitetstilboden som blir gitt. Det eg ikkje er kjend med er korleis prosjektet organiserer kartlegginga av behova som skal vere grunnlaget for tilboden. Slik eg er kjend med prosjektet «Tilpassa arbeidsdag» var dette eit tiltaket for å auke aktiviseringa av innsette, ikkje å ivareta innsette sitt behov for meiningsfull menneskeleg kontakt. Dette blir underbygga av kriminalomsorga sin definisjon av aktivisering. Ifølge kriminalomsorga sin definisjon treng ikkje aktiviseringa skje i fellesskap med andre, den må berre vere initiert av ein tilsett. Aktiviteten kan skje mens innsette er einsam på cella. At kriminalomsorga no bruker dette som eit tiltak for å redusere isolasjon undrar eg meg over. Ein kan stille spørsmål om dette er eit eksisterande tiltak som kriminalomsorga viser til for å raskt kunne kvittere ut tiltak for å førebygge isolasjon? I tillegg kan ein undre seg over om dett er eit eigna tiltak for å sikre meiningsfull menneskeleg kontakt når me veit at aktiviseringa kan skje utan at innsette er i fellesskap med andre?

St.meld. nr. 37 (2007–2008) *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* har eit tydeleg fokus på innsette og at deira behov skal vere utgangspunktet for arbeidet som ska gjerast i kriminalomsorga (Justis- og politidepartementet, 2008). Desse tankane er vidareført i Meld. St. 12 (2014-2015) «Utviklingsplan for kapasitet i kriminalomsorgen».

Stortingsmelding nr 37 hevdar at kriminalomsorga i for liten grad legg til rette for innsette og domfelte sin medverknad i avgjersler om tiltak som gjeld deira eigen kvar dag, som også kan omhandle tiltak for å hindre isolasjon og sikre meiningsfull menneskeleg kontakt (Justis- og politidepartementet, 2008, s.110). Den nye meldinga til Stortinget som omhandlar kriminalomsorga, Melding til Stortinget 39 (2020–2021) *Kriminalomsorgsmeldingen – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring*, skildrar i hovudsak tiltak som er satt inn og som er planlagde for å redusera omfanget av isolasjon (Justis- og beredskapsdepartementet, 2021, mi understreling og uteving). Den skildrar også korleis kriminalomsorga skal drivast i årast framover – ved kunnskapsbasert styring og kontroll. Meldinga er ikkje handsama i Stortinget endå, men gitt som ei tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet og er godkjent i statsråd. Slik eg ser det står denne i kontrast til Stortingsmelding nr 37, som slik eg ser det, hadde eit meir overordna mål om at kriminalomsorga skal jobbe kunnskapsbasert med innsette (Justis- og politidepartementet, 2008, s. 57) ikkje berre ha ei kunnskapsbasert styring

og kontroll av kriminalomorga. Å jobbe kunnskapsbasert med innsette vil seie at arbeidet som blir gjort i kriminalomsorga skal tuftast på både erfaringsbasert og forskingsbasert kunnskap saman med medverknad frå innsette (Nortvedt, Jamtvedt, Graverholt, Nordheim & Reinar, 2012, s. 16-17). Wackerhausen ((2015) referert i Nymo, 2021, s. 45) hevdar at det er skjedd ei akademisering av dei korte profesjonsutdanningane dei ti siste åra. Sjølv om det har vore ei akademisering, meiner Wackerhausen at det er problematisk at praksiserfaringar framleis har forrang i profesjonsutdanningar. Dette kan gjere at det er praksiserfaringar som styrer både korleis jobben til dagen blir utført og korleis utviklingsarbeidet i profesjonen skjer, utan at forsking og anna kunnskap som ein har frå akademia blir tatt med. Denne akademiseringa ser me igjen i kriminalomsorga. Fengselsbetjentutdanninga gjekk frå å vere ei etatsutdanning til å bli ei toårig høgskuleutdanning i 2012. Nyleg blei det mogleg å bygge på fengselsbetjentutdanninga til ein bachelorgrad. I samband med dette oppretta KRUS studiemnet KRUS3205 Isolasjon som er med på å auke kriminalomsorga sin kunnskap om temaet isolasjon. På denne måten ønsker kriminalomsorga å bevege seg over til ei meir kunnskapsbasert tilnærming til utfordringane med isolasjon. Denne akademiseringa rundt emnet Isolasjon gjer at dei fengselsbetjentane som tek faget får auka kunnskap om emnet. Men ut frå Wackerhausen kan ein stille spørsmål om denne kunnskapen vil kome så mange andre i kriminalomsorga til nytte, og vere med på å danne grunnlag for kunnskapsbasert praksis i kriminalomsorga rundt dette temaet. Dette på bakgrunn av kjennskapen til at tilsette med korte profesjonsutdanningar som fengselsbetjentstudiet er, i liten grad deler kunnskap og erfaringar med kvarandre (Hjellnes, 2019, s. 100). Lite deling av akademisk kunnskap og erfaringar kan føre til at det ikkje skjer ei systematisk kunnskapsutvikling i kvardagen til fengselsbetjentane. Det kan gjere at vidareutdanninga ved KRUS innan isolasjon i liten grad kjem innsette til gode og at kunnskapen om kva isolasjon er ikkje blir delt i organisasjonen. Dette står i sterk kontrast til ynskje om læredyktige tilsette som kan tilegne seg ny kunnskap og bruke denne aktivt i arbeidet sitt, såkalla endringskompetanse (KSF, 2004, s. 49).

Endringskompetanse blir skildra som «krav og forventninger om at fengselsbetjentene følger med i den alminnelige samfunnsutviklingen nasjonalt og internasjonalt, tar videreutdanning og videreutvikler seg – både faglig og menneskelig». Verdien av denne kompetansen vil slik Wackerhausen ser det ikkje kome kriminalomsorga og dermed ikkje innsette til gode. Når me snakkar om isolasjon kan dette mellom anna gjelde kunnskapen om meiningsfull menneskeleg kontakt.

Kriminalomsorga har nyleg jobba fram ny visjon og nye verdiar. Den nye visjonen er «Straff som endrer», og dei nye verdiane er openheit, tryggheit og nytenking (KDI, utan dato a). Det er mogleg kriminalomsorga meiner at *kunnskapsbasert styring og kontroll av kriminalomsorga* (Justis- og beredskapsdepartementet, 2021, s. 48) er nytenkjande i motsetnad til *kunnskapsbasert straffegjennomføring* som var styrande etter Stortingsmelding nr. 37 (2007-2008) (Justis- og politidepartementet, 2008, s. 57). Nytenking kan sjåast på ulike måtar. For Freire kan nytenking samanliknast med å vere revolusjonær. For å vere revolusjonær meiner han at dialog med folket er nødvendig (Freire, Lie & Nordland, 1999, s. 115). Det er dialogen som skil revolusjon frå eit militærkupp. Han meiner at revolusjon handlar om fellesskap, akkurat slik dialog gjer. Ut frå Freire sitt syn vil ikkje nytenking i kriminalomsorga kunne skje utan medverking frå innsette. Om ein ser dette opp mot kunnskapen om omgrepet meiningsfull menneskeleg kontakt vil ikkje kriminalomsorga kunne gje dette omgrepet innhald utan at innsette sjølv får vere med å definere kva dette vil seie for seg. Dette er rett i kjernen av omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt».

Avslutning

Kunnskapen me har om skadeverknadane av isolasjon gjer at kriminalomsorga har eit ekstra stort ansvar for å sikre innsette meiningsfull menneskeleg kontakt. For at kriminalomsorga skal nå målet om dagleg «meiningsfull menneskeleg kontakt» for alle innsette krev det meir enn dokumentering av fellesskap. Ein må, slik eg ser det, starte med å jobbe inn ein grunnleggande forståing av kva isolasjon er. Før ein gjer det vil verken fellesskapen til innsette eller registreringane som bli gjort, vere tufta på «meiningsfull menneskeleg kontakt». Eit slikt arbeid er krevjande og tek både tid og ressursar – det fins nok inga rask løysing.

Holdningane og verdiane i arbeidet med å motverke isolasjon i kriminalomsorga må vere kva som er viktig for innsette. Slik eg har synleggjort omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» meiner eg det viktigaste i dette arbeidet er truverdige relasjonar mellom innsette og tilsette som bidreg til å skape tryggheit. Ut frå tiltaka kriminalomsorga har sett i verk for å motverke isolasjon kan det virke som om fokuset på teljing set den meiningsfulle menneskelege kontakten til side, og ein kan spørje seg om det er for kriminalomsorga eller for den innsette det er viktigast å motverke isolasjon?

Når eg tenkjer tilbake på hendinga med Petter for 15 år sidan står det for meg at han truleg kjente på utfordringar som kom av at han sat i fengsel. Sjølv om han ikkje hadde opplevd å vere isolert frå fellesskap med andre innsette, fortalte han om fleire kjenneteikn som kan vere symptom på isolasjon - uroleg, ufokusert, sveitte og angst. Ut frå kunnskapen eg no har fått om omgrepet «meiningsfull menneskeleg kontakt» kan Petter ha opplevd isolasjon sjølv om han hadde fellesskap med andre innsette. Å gje innsette meiningsfull menneskeleg kontakt i fengsel krev mykje. Og kanskje gjer heile ideen med å isolere innsette frå samfunnet det umogleg. Vil det vere mogleg å hindre isolasjon i fengsel då nettopp heile hensikta med fengsling er fridomsrøving i form av isolasjon frå omverda. Kan det kanskje vere slik at heile grunntanken bak fengsel gjer det umogeleg å hindre isolasjon og å nå målet om å gje innsette «meiningsfull menneskeleg kontakt»?

Litteraturliste

Bergen tidende (2021, 16. april). Advokatfirma har fått over 30 klienter. – Flere av historiene er hjerteskjærende. Henta fra <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/X80q0W/advokatfirma-har-faatt-over-30-klienter-flere-av-historiene-er-hjert>

Bergen tingrettsdom av 19. februar 2019. (TBERG-2018-153795-2)

Blumer, Herbert (1962). Society as Symbolic Interaction. I A. Rose (Red.), *Human Behavior and Social Processes* (ss. 178-192). London: RKP

Bøhn, E. D. (9.juli 2020). *Humanisme*. Store norske leksikon. Henta 30.september 2021 fra <https://snl.no/humanisme>

Council of Europe (CPT) (2019). *Report to the Norwegian Government on the visit to Norway carried out by the European Committee for the Prevention of Torture and Inhuman or Degrading Treatment or Punishment (CPT) from 28 May to 5 June 2018* (CPT/Inf (2019) 1). Henta fra <https://rm.coe.int/1680909713>

Cramer, V. (2014). *Forekomst av psykiske lidelser hos domfelte i norske fengsler*. Oslo Universitetssykehus.

Dalland, O. (2013). *Profesjonsutdanning og dannelse: Bacheloroppgavens muligheter*. Gyldendal akademisk.

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgave. ed.). Oslo: Gyldendal.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) (4 November 1950). Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms. Henta fra <https://www.coe.int/en/web/conventions/full-list?module=treaty-detail&treaty whole=005>

Engbo, H. J. (2019). Normalisering og isolation. I Rua. M. og P. S. Smith (Red.), *Isolasjon. Et fengsel i fengselet* (ss. 211-249). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Freire, P., Lie, S., & Nordland, E. (1999). *De undertryktes pedagogikk* (2. utg. ed., Basis). Oslo: Ad notam Gyldendal.

Friestad, C., Hansen, I. (2004). *Levekår blant innsatte*. FAFO. Henta fra <https://www.fafo.no/zoo-publikasjoner/fafo-rapporter/item/levekar-blant-innsatte>

Gilje, N. og Grimen, H. (2005). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger: innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget

Goffman, Erving (1967). Presentation of Self to others. I J. G. Maranis & B. N. Meltzer (Red.), *Symbolic Interactionism: a reader in social psychology* (ss. 220-231). Boston: Allyn and Bacon.

Hjellnes, S. K. (2019). Kontaktbetjentrollen i straffegjennomføring i fengsel. I K. G. Westrheim & H. M K. Eide (Red.), *Kunnskapsbasert straffegjennomføring i kriminalomsorgen i Norge* (ss. 87 – 103). Bergen: Fagbokforlaget.

Høidal, A. (2019). Retten til fellesskap vil forebygge isolasjon. I M. Rua & P. S. Smith (Red.), *Isolasjon: Et fengsel i fengselet* (ss. 251-270). Cappelen Damm Akademisk.

Håkansson, C., Morville, A.-L., og Wagman, P. (2017). Aktivitetsbalance. I H. K. Kristensen, A. S. Schou, og J. L. Mærsk (Red.), *Nordisk aktivitetsvidenskab* (ss. 111-127). København: Munksgaard.

Imsen, G. (1998). *Elevens verden: Innføring i pedagogisk psykologi* (3. utg. ed.) (ss. 229-243). Oslo: Tano Aschehoug.

Jonsson, H. & Asaba, E. (2017). Aktivitet som begreb i aktivitetsvidenskaben. I H. K. Kristensen, A. S. B. Schou, & J. L. Mærsk (Red.), *Nordisk aktivitetsvidenskab* (ss. 49-59). København: Munksgaard.

Justis- og beredskapsdepartementet (2021). *Kriminalomsorgsmeldingen – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring* (Meld. St. 39 2020-2021). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/86e5b47b2b1a4c91a4f68be3153177b6/no/pdfs/stm202020210039000dddpdfs.pdf>

Justis- og politidepartementet (2008). *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (St. meld. 37 2007-2008). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/d064fb36995b4da8a23f858c38ddb5f5/no/pdfs/stm200720080037000dddpdfs.pdf>

Kinge, E. (2014). *Empati: nærvær eller metode?*. Gyldendal akademisk.

Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF) (2004). *Utdanning for fengselsbetjenter. Delinnstilling 2 fra en arbeidsgruppe oppnevnt av Justisdepartementet*. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/jd/hdk/2004/0001/ddd/pdfv/228938-utd_fengselsbetjenter.pdf

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) (mai 2019). *Tiltaksplan for forebygging av isolasjon i kriminalomsorgen*. Henta frå <file:///C:/Users/Bruker/Downloads/Tiltaksplan+for+forebygging+av+isolasjon+i+kriminalomsorgen+2019.pdf>

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) (28. februar 2020). *Årsrapport 2019*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/b04b5cf8bb32490c990a82fd90fa05a0/arsrapport-2019-kdi.pdf>

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) (utan dato a). Om kriminalomsorgen. Henta 30. september 2021 frå [Hjem - Kriminalomsorgen.no](https://Hjem-Kriminalomsorgen.no)

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) (utan dato b). Isolasjon. Henta 3. oktober 2021 frå <https://www.kriminalomsorgen.no/isolasjon.535936.no.html>

Liebling, A., & Arnold, H. (2004). *Prisons and their moral performance: A study of values, quality, and prison life (Clarendon studies in criminology)* (ss. 1-371). Oxford: Oxford University Press.

Lindahl-Jacobsen, L. & Jessen-Winge, C. (2017). Meningsfulde aktiviteters betydning for sundhed og velvære. I H. K. Kristensen, A. S. B. Schou & J. L. Mærsk (Red.), *Nordisk aktivitetsvidenskab* (ss. 61-76). København: Munksgaard.

Lipsky, M. (1980). *Street-level bureaucracy: Dilemmas of the individual in public services*. New York: Sage.

Noack, T. & Tjora, A. (21. november 2018). *Samhandling*. A. Tjora (Red.), Store norske leksikon (SNL). Henta 28. september 2021 frå <https://snl.no/samhandling>

Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM). (Avgitt til Stortinget 1. april 2016). Melding for året 2015. (Dokument 18 (2015-2016)). Henta frå <https://www.nhri.no/wp-content/uploads/2017/11/%C3%85rsmelding-2015-trykket-Dok-18-1.pdf>

Nortvedt, M. W., Jamtvedt, G., Graverholt, B., Nordheim, L. V., & Reinar, L. M. (2012). *Jobb kunnskapsbasert!: en arbeidsbok* (2. utg.). Oslo: Akribe.

Nymo, K. (2021). Hvorfor trenger fengselsbetjenten å lese teori?. I M. I. Snertingdal & K. Nymo (Red.), *Jeg skal bli fengselsbetjent* (ss. 43 – 54). Bergen: Fagbokforlaget.

Oslo Economics (18. desember 2020). *Økonomisk analyse av isolasjonsreduserende tiltak i kriminalomsorgen/OE-rapport 2020-76*. Henta frå [file:///C:/Users/Bruker/Downloads/OE-rapport+2020+-+Isolasjonsreduserende+tiltak%20\(4\).pdf](file:///C:/Users/Bruker/Downloads/OE-rapport+2020+-+Isolasjonsreduserende+tiltak%20(4).pdf)

Revold, M. (2015). *Innsattes levekår 2014: Før, under og etter soning* (Vol. 2015/47, Rapporter (Statistisk sentralbyrå: online)). Oslo: Statistisk sentralbyrå. Henta frå https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/_attachment/244272?_ts=150b2db02c8

Rua, M. (2019). *Amicus brief: Om begrepet «sosial meningsfull kontakt» i forskningslitteraturen* [Uttalelse til Høyesterett (sak nr. 19-070085STR-HRET)].

Rua, M. & Smith, P. S. (2019). Isolasjon – et fengsel i fengselet. I M. Rua & P. S. Smith (Red.), *Isolasjon: Et fengsel i fengselet* (ss. 15-40). Cappelen Damm Akademisk.

Rua, M., Smith, P. S., Horn, T. & Nilsen, J. F. (2019). Isolasjon i skandinaviske fengsler – en oversikt. I M. Rue & P. S. Smith (Red.), *Isolasjon: Et fengsel i fengselet* (ss. 41-80). Cappelen Damm Akademisk.

Sivilombudsmannen (2019). *Særskilt melding til Stortinget om isolasjon og mangel på menneskelig kontakt i norske fengsler* (Dokument 4:3 (2018/19)). Henta frå <https://www.sivilombudsmannen.no/publikasjoner/saerskilte-meldinger/>

Skandinavisk isolasjonsnettverk (2019a). *Til deg som sitter innelåst på cella 22 timer eller mer i døgnet: Isolert*. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå http://bit.lyUiO_isolasjonsserie

Skandinavisk isolasjonsnettverk (2019b). *Til deg som er i kontakt med personer som er eller har vært isolert under frihetsberøvelse gjennom ditt arbeid som advokat*. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå http://bit.lyUiO_isolasjonsserie

Skandinavisk isolasjonsnettverk (2019c). *Til deg som har kontakt med isolerte innsatte gjennom ditt arbeid i Kriminalomsorgen som ansatt*. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå http://bit.lyUiO_isolasjonsserie

Skandinavisk isolasjonsnettverk (2019d). *Til deg som er i kontakt med isolerte i fengsel som pårørende*. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå http://bit.lyUiO_isolasjonsserie

Smith, P. S. & Koch, I. (2019). Isolationens følgevirkninger - fra 1800-tallet til i dag. I M. Rue & P. S. Smith (Red.), *Isolasjon: Et fengsel i fengselet* (ss. 109-139). Cappelen Damm Akademisk.

Storvik, B. L. & Johnsen, B. (2020). *Likhet for loven?: – Isolasjonsfradrag for varetektsfengsling med eksempel fra 22. juli-saken*. Henta frå <https://krus.brage.unit.no/krus-xmlui/bitstream/handle/11250/2675425/Likhet+for+loven+%28preprint%29.pdf?sequence=1>

Straffegjennomføringsloven (2001). Lov om gjennomføring av straff mv. (LOV-2001-05-18-21). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-05-18-21>

Tangen, R. (2012). Tilnærtingsmåter og temaer i spesialpedagogikk - en introduksjon. I Befring, E. & Tangen, R. (red), *Spesialpedagogikk* (ss. 17-22). Oslo: Cappelen Damm.

UN. Committee against Torture (CAT) (1 may 2018). *Concluding observations on the 8th periodic report of Norway* (CAT/C/NOR/CO/R.8). Geneva. Henta frå <file:///C:/Users/Bruker/Downloads/G1816879.pdf>

Vabø, M. (2014). Bakkebyråkratiet - der emosjonelt arbeid blir politikk. I M. Vabø & S. I. Vabo (Red.), *Velferdens organisering* (s. 29-46). Oslo Universitetsforlaget.

Sjølvvald litteraturliste

| Forfattar(ar) | Tittel | Forlag / Tidsskrift | År | Kapittel / Sider | Tal på sider |
|--|--|---------------------------|----------------------------|------------------|--------------|
| Freire, P., Lie, S., & Nordland, E. | <i>De undertryktes pedagogikk</i> | Ad notam Gyldendal | 1999 2. utg. ed., Basis | 1-175 | 175 |
| Oslo Economics | <i>Økonomisk analyse av isolasjonsreduserende tiltak i kriminalomsorgen/ OE-rapport 2020-76</i> | Oslo Economics | 18. desember 2020 | 1-45 | 45 |
| Justis- og politidepartementet | <i>Kriminalomsorgsmeldingen – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring</i> | Meld. St. nr 39 2020-2021 | 2021 | 1-84 | 84 |
| Nymo, K. I M. I. Snertingdal & K. Nymo (Red.), <i>Jeg skal bli fengselsbetjent</i> | Hvorfor trenger fengselsbetjenten å lese teori? | Fagbokforlaget | 2021 | 43-54 | 12 |
| Goffman, Erving I J. G. Maranis & B. N. Meltzer (Red.) <i>Symbolic Interactionism: a reader in social psychology</i> | Presentation of Self to others | Allyn and Bacon. | 1967 | 220-231 | 12 |
| Hjellnes, S. K. I K. G. Westheim & H. M. K. Eide (Red.), <i>Kunnskapsbasert straffegjennomføring i kriminalomsorgen i Norge</i> | Kontaktbetjentrollen i straffegjennomføring i fengsel | Fagbokforlaget | 2019 | 87-103 | 17 |
| Blumer, Herbert I A. Rose (Red.), <i>Human Behavior and Social Processes</i> | Society as Symbolic Interaction | RPK | 1962 | 178-192 | 15 |
| Liebling, A., & Arnold, H. | <i>Prisons and their moral performance: A study of values, quality, and prison life</i> (Clarendon studies in criminology) | Oxford University Press | 2004 | 1-371 | 371 |
| | | | | | SUM: 731 |
| Metode: | | | | | |
| Dalland, O. | Profesjonsutdanning og dannelses Bacheloroppgavens muligheter | Gyldendal akademiske | 2013 | Kap 1, 6 og 7 | 56 |

| | | | | | |
|-------------|---------------------------------------|-------------------------|------|------------------------------|-------------|
| Dalland, O. | Metode og oppgaveskriving (7.utg.) | Gyldendal akademiske | 2020 | Kap. 1- 3, 7-10, 12-13 | 157 |
| | | | | | SUM: 213 |